



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

VOSS UNGDOMSSKULE



12.-15.feb. 2007



1 FØREORD

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar ?

10 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert.

Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 FAKTA OM SKULEN

Voss ungdomsskule ligg i sentrum av Voss kommune i Hordaland. Skulen har 464 elevar i 18 klassar. Han er ungdomsskule for i alt 9 barneskular. Det er 55 lærarar, inklusive rektor og inspektør. Det er tillegg to assistentar, miljøarbeidar, bibliotekar, badevakt, praktikant og to sekretærar.



3 VURDERINGSTEMA

Voss ungdomsskule har bede om vurdering på følgjande tema:

1. Trivsel med skulearbeidet hjå elevar.
2. IKT som integrert og naturleg del av læringsarbeidet.

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

"GLANSBILETE" FOR VOSS UNGDOMSSKULE

Tema: Trivsel med skulearbeidet hjå elevlar.

IKT som integrert og naturleg del i læringsarbeidet.

Kriterium	Teikn på god praksis
Elevane trivst med skulearbeidet	<ul style="list-style-type: none">- Elevane har vener på skulen- Det er lite konflikthar på skulen- Elevane opplever arbeidsro- Dei tilsette trivst på skulen- Elevane er trygge på kvarandre- Elevane er trygge på dei vaksne på skulen- Det er i stor grad akseptert å gjera skulearbeid- Det er viktig for elevane å gjera det godt på skulen- Elevane får oppgåver dei meistarar- Elevane får oppgåver å strekkja seg etter- Tilbakemeldingane på elevarbeid er positive i forma- Elevane opplever lærarane som tydeleg og bestemt- Det er god stemning i klassen
Skulen prioriterer arbeid med IKT	<ul style="list-style-type: none">- Bruk og satsing på IKT er nedfelt i skulen sine planar- Skulen har ein opplæringsplan for IKT som jamleg vert vurdert- Tilsette driv med kollegalæring og erfaringsutveksling innanfor feltet- Personalet er opne for endringar- Skulen nyttar ein digital læringsplattform- Skulen har tilgang til infrastruktur og tenester av høg kvalitet- IKT vert nytta ved avgangsprøven
Lærarane brukar IKT som integrert og naturleg del i læringsarbeidet	<ul style="list-style-type: none">- IKT er ein naturleg og integrert del av læringsarbeidet i fag- Bruk av IKT er avspegla i arbeidsplanane- Lærarane opplever at utbyttet av skulearbeidet har auka gjennom praktisk bruk av IKT- Lærarane følgjer IKT-planen til skulen- IKT er integrert i halvårsplanane for fag- Lærarane nyttar IKT i vurderingsarbeid
Elevane brukar IKT aktivt i sin eigen arbeidsprosess	<ul style="list-style-type: none">- Elevane kan innan det einskilde fag kommunisera og samhandla med andre på tvers av tid og stad- Elevane produserer eigen kunnskap ved bruk av IKT- Elevane er delaktige i planlegginga av læringsprosessen- Elevane får planlegga eiga tid og eige arbeid t.d. ved å bruka arbeidsplan- Elevane vurderer eige arbeid ved bruk av IKT- Elevane har grunnleggande ferdigheitar i IKT- Elevane har fått opplæring etter IKT-planen- Elevane opplever at utbyttet av skulearbeidet har auka gjennom praktisk bruk av IKT- Elevane har tilgang til datamaskin med Internett heime
IKT fungerer som ein del av kommunikasjonen mellom heim og skule	<ul style="list-style-type: none">- Føresette får informasjon om IKT (digital kompetanse) som basisdugleik i L06- Føresette kjenner til IKT-planen til skulen- Skulen sitt arbeid med IKT er synleg i arbeidsplanar og anna informasjon som føresette får frå skulen- Føresette opplever god dialog om barnet si faglege og sosiale utvikling- Skulen tar innspel frå heimen på alvor



5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne: elevar, lærarar og foreldre
- Eksterne: Liv Kristoffersen og Torgeir Vassnes frå vurderingsgruppa regionen Voss/Hardanger. I tillegg har to hospitantar vore med: Erling Bjørnholmen frå Søgne og Ruth Ringstad Kolnes frå Songdalen.

Grunngjeving for val av informantar

I vurderingsarbeidet er det viktig å involvera dei partane det gjeld. Det valte tema vedkjem alle partar i skulesamfunnet



6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdera ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

TID	TILTAK	ANSVAR
Veke 1	Avtale om møte med rektor og plangruppa	Vurderarane
Veke 1-2	Gjennomgang og fordjuping i vurderingstema. Val av metodar for informasjonsinnhenting.	Vurderarane
Veke 3 16. jan.	Møte med plangruppa ved skulen. Mål med dette møtet er: <ul style="list-style-type: none">- å avklara vurderingstemaet- å presentera kriterium for vurderings- temaet (dersom det er mogleg)- å avklara kven som skal delta i vurderinga- å avklara ansvarsoppgåver for partane- å bli samde om tidsplan- overlevering av div. dokument	Vurderarane/ plangruppa
Veke 3	Skulen får kriterieark (elektronisk)	Vurderarane
Veke 4	Skulen drøftar kriteria og kjem med evt. endringar og tillegg. Skulen sender svar elektronisk til vurderarane seinast 26. jan.	Rektor
Veke 5	Skulen får materiell som skal fyllast ut for å gi vurderarane førehandsinformasjon	Vurderarane
Veke 5	Retur av utfylte skjema og liknande seinast fredag 2. febr.	Rektor og lærarar
Veke 6	Oppsummering av skjema. Utarbeiding av samtaleguidar.	Vurderarane
Veke 7 Man. 12.	Observasjon i klassar Foreldremøte (klassekontaktar) på kveldstid	Rektor/ vurderarane
Tys. 13.	Intervju med lærarar og elevar.	Rektor set opp tidsplan. Vurderarane gjennomfører tiltaka.
Ons. 14.	Intervju med lærarar. Samtale med rektor til slutt.	
Tors. 15.	14:30: Framlegging av førebels rapport til personalet.	Rektor/ vurderarar



Hardanger / Voss kompetanseregion

Vurderingsgruppa

7 METODAR

For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møte alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sendte vurderarane diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, arbeidsplanar, resultat av elevundersøkinga.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i L-06 (og L-97), Opplæringslova med forskrift og skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse med små endringar.

Påstandskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut påstandskjema til nokre av partane i vurderinga. Desse vart fylt ut av elevar og pedagogar, og returnert til vurderingsparet for oppsummering.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og pedagogar.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med klassekontaktane.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor danner grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin nosisitasjon og for vidare arbeid.

Observasjon

Me observerte i 3 klassar: 8A, 9F og 10C



8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN VURDERINGSOMRÅDET

Tydelege vaksne

Observasjon og utsegn frå elevar viser dette.

Ro i undervisningssituasjonen

Observasjon og svar på påstandsskjema frå elevar og foreldre viser dette.

Skulen nyttar den digitale læringsplattforma PedIT

Gjennom reformarbeidet knytt til *Kunnskapsløftet* og dei nye læreplanane, er det vedtatt at det "å bruka digitale verktøy" er ein grunnleggande ferdigheit på linje med å lesa, skriva, rekna og uttrykkja seg munnleg. Fleire grunnskular har tatt i bruk ein digital læringsplattform for å møte dette kravet. Undersøkingar frå 2005 viser at 17% av grunnskulane og 96% av vidaregåande skular har skaffa seg ein digital læringsplattform (Utdanningsdirektoratet (2005): *Kartlegging og rapport av utstyrs- og driftssituasjonen i grunnsopplæringen*).

Voss ungdomsskule har brukt PedIT i 3 år. Skuleåret 2006/2007 er dei siste lærarane ferdige med opplæring i bruk av PedIT, og læringsplattforma er tatt i bruk i alle grupper på alle trinn. Arbeidsplanane til dei ulike trinna vert lagt ut på PedIT kvar veke. Skulen nyttar prosessorientert skriving på tentamen/prøveeksamen i norsk og engelsk på 9. og 10. trinn. I rettelararbeid på tekstar i engelsk og norsk brukar mange lærarar PedIT i tilbakemeldingar undervegs og i endeleg vurdering. I fleire grupper er digitale mapper tatt i bruk. Nokre lærarar har utvida bruken av PedIT til andre fag. Rapporten til Utdanningsdirektoratet om digitale læringsplattformer (2006), viser to døme på bruk av digital læringsplattform frå Voss ungdomsskule.

Datakompetansen i personalet er høg

Alle lærarane på Voss ungdomsskule har tatt Datakortet. Kvar lærar må ha minst to modular. Matematikklærarane må ha Excelmodulen i tillegg.

Dette skuleåret har den siste gruppa med lærarar fått opplæring i PedIT.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

Fleire lærarar har deltatt i prosjektet "Lærande nettverk" dei to siste åra, der digitale mapper har vore eit sentralt tema.

Personalet har hatt to dagars kurs i København der tema mellom anna var IKT i alle fag, spesielt i matematikk og naturfag. Skulen har ein dataansvarleg i 50% stilling. Han har ansvar for både drift og det pedagogiske. I tillegg har ein av lærarane avsett tid til administrasjon og opplæring av lærarar i PedIT.

Skuleåret 05/06 var skulen med i den digitale skule og var oppe til avgangsprøven i norsk med to grupper. Skulen seier at dette fungerte bra både fagleg og teknisk, så i år har dei meldt opp alle seks avgangsgrupper til digital avgangsprøve i norsk og engelsk.

God digital infrastruktur

Voss ungdomsskule har relativt god tilgang på datamaskiner for elevane. Skulen disponerer 181 elevmaskiner fordelt på dei 464 elevane: Dette svarar til 2,6 elevar per maskin. Heile skulen har trådløst nettverk, og alle maskinene er knytt til Internett. Alle lærarane har ny berbar PC.



Sterke jenter – sterke sider



9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN VURDERINGSOMRÅDET

Den kommunale IKT-planen må reviderast

Dette er ein sovande plan som på ingen måte stemmer med praksis. T.d er ikkje PedIT nemt i denne planen. Skal lærarane følgja ein slik plan, bør dei delta i utviklinga av han.

Arbeidet i laga kan effektiviserast ved hjelp av IKT og sikra at alle elevane får same opplæring

Heile trinnet må få eit så likt undervisningstilbod som råd er. Då meiner me at årsplanar, halvårsplanar og arbeidsplanar er like. Som proffesjonelle pedagogar må vi-kjensla vera overordna eg-kjensla. Dette bør gjerast synleg i planane. Dei individuelle forskjellane kan koma til syne i undervisningsmetodane i klasserommet.

Foreldre og andre må vera trygge på at deira barn får det same tilbodet uavhengig av kva klasse dei hamnar i. Særleg når det gjeld

IKT er dette viktig. For her er det lett gjort å laga eit A og eit B-lag dersom me ikkje endrar praksis.

Dersom heile trinnet får same årsplan, halvårsplan og arbeidsplan, kan arbeidet effektiviserast monaleg. Då kan *ein* leggja inn på planen, og dei andre les og godkjenner.

Me ser sjølvsagt at ulike bøker i faga kan gjera dette vanskeleg, men at kvart arbeidslag tenkjer slik, må vera eit minimum.

Når det gjeld arbeidslaga må me seia følgjande:

Skulen er arkitektonisk laga for at to og to klassar skal samarbeida, ikkje tre slik som no i 8. og 10.

Arbeidslaga må vidare setjast saman slik at ein er sikra at elevane får nødvendig dataopplæring.

Vidareutvikla bruk av PedIT og anna programvare

Sjølv om skulen har kome langt i arbeidet med å innføra den digitale læringsplattforma, og me har skrive dette som ei sterk side, ser me likevel eit potensiale for vidareutvikling. Det er viktig å ikkje fokusera einsidig på bruk av PedIT som skulen si satsing



Hardanger / Voss kompetanseregion ***Vurderingsgruppa***

på IKT, men at læringsplattforma er ein integrert del av denne satsinga.

PedIT har opna for nye arbeids- og kommunikasjonsformer, kunnskapsdeling, eigenproduksjon, publisering, varierte vurderings- og evalueringsformer og tilgang på digitale læringsressursar.

Skulen bør utvikla ein tydelegare delingskultur og utnytta faglege nettverk for kunnskapsdeling internt på skulen, og gjerne eksternt mellom skular. Ein kan til dømes utvikla ei samling av gode digitale undervisningsopplegg.

Skulen sin bruk av PedIT opnar for at dei føresette i større grad kan ta meir aktivt del i skulekvardagen til barna.

Eit langsiktig mål bør vera å integrera verktøyet i alle fag. Det er viktig at progresjonen i dette arbeidet er lik for dei ulike gruppene på eit årstrinn. Foreldra og elevane var svært opptatt av at tilbod og bruk ikkje er avhengig av kva lærar klassen har.

Ei anna side ved skulen si satsing på digital kompetanse, er å vidareutvikla og auka lærarane og elevane sin kompetanse i anna programvare. Dette kan vera teksthandsaming, presentasjonsprogram, rekneark, database, og redigeringsprogram for musikk / film / bilete.

I tillegg må me seia følgjande: Elevane si oppfatting av dataopplæringa dei har fått på skulen stemmer ikkje overeins med det lærarane seier. For å møte dette kan skulen til dømes utarbeida faste kurs/undervisningsopplegg. Kanskje kan modellen med datakort overførast? Dette vil gjera elevane meir bevisste på kva dei har fått av opplæring.





10 VIDARE ARBEID ETTER FEBRUAR 2007
VOSS UNGDOMSSKULE

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Takk for oss og lykke til vidare !

Voss, 15.feb. 2007

Liv Kristoffersen
Vurderingsgruppa i Hardanger / Voss

Torgeir Vassnes
Vurderingsgruppa i Hardanger / Voss

2 VEDLEGG



Påstandsskjema for lærarar

Eg underviser i: 8. 9. 10. Ulike klassar (sett kryss)

Påstand	Ueinig				Einig 5
	1	2	3	4	
Eg trivst på skulen					
Det er lite konflikhtar på skulen					
Det er arbeidsro i timane					
Det er mitt inntrykk at det er viktig for elevane å gjera det godt på skulen					
Elevane får oppgåver dei meistrar					
Elevane får oppgåver å strekkja seg etter					
Det er god stemning i klassen (gruppa)					
Skulen sin plan for opplæring i IKT blir jamnleg drøfta og vurdert.					
Eg driv med kollegalæring og erfaringsutveksling innafor IKT					
Eg nyttar skulen sin digitale læringsplattform (pedIT)					
Eg synest at skulen er godt utstyrt med datamaskiner					
Eg føler at eg heng med i skulen si IKT-satsing.					
Skulen nyttar IKT ved avgangsprøva					
For meg er IKT ein naturleg og integrert del av læringsarbeidet.					
Det er mitt inntrykk at utbytet av skulearbeidet har auka ved bruk av IKT					
Eg følgjer IKT-planen til skulen					
Eg nyttar IKT i vurderingsarbeidet					
Elevane kan planlegga eiga tid og eige arbeid t.d. gjennom ein arbeidsplan					
Elevane er delaktig i planlegginga av læringsprosessen.					



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

Påstandsskjema for elevar

Eg går i: 8. 9. 10. (sett kryss)

Påstand	Ueinig					Einig 5
	1	2	3	4		
Eg trivst på skulen						
Det er lite konflikhtar på skulen						
Det er arbeidsro i timane						
Det er viktig for meg å gjera det godt på skulen						
Eg trur at det er viktig for medelevane mine å gjera det godt på skulen						
Eg får oppgåver eg meistrar						
Eg får oppgåver å strekkja meg etter						
Eg likar å læra noko nytt						
Det er god stemning i klassen (gruppa)						
Eg synest skulen er godt utstyrt med datamaskiner						
Eg brukar data dagleg i skulearbeidet mitt						
Eg nyttar skulen sin digitale læringsplattform (PedIT) kvar dag						
Eg har tilgang til datamaskin heime						
Eg har tilgang til datamaskin med Internett heime						
Eg har fått dataopplæring på skulen						
Eg opplever at utbytet av skulearbeidet mitt har auka ved bruk av data						
Eg kan planlegga eiga tid og eige arbeid t.d ved å bruka arbeidsplan						
Eg brukar data til å vurdere eige arbeid (t.d. ved å bruka PedIT eller digitale mapper)						
Eg kan vera med og planlegga/påverka læringsprosessen/undervisninga mi						